



Flotte fotturar i området mellom Norheimsund og Øystese, med utsikt mot Hardangerfjorden og fjella omkring.

Interesting walks in the area between Norheimsund and Øystese, with beautiful views over the Hardangerfjord and surrounding mountains.



Mot Toreffjell.

Foto: Per Rykken



Foto: Magnar J. Fiksen

### Route and places of interest

#### Walk I, Øystese - Mo - Børve

Terrain: Approximately 5 km. country roads, 2 km. footpaths. Slight incline (approx 100 metres)

Time: About two hours

Turn off the Rv7 at the roundabout at Øystese and park in the car park in the centre. Walk along the main road to Fitjadalen for about 250 metres to the cross roads. Follow the road marked Sjusetevegen (white signpost) past Øystese senior school and the Vik-farms. You arrive at Nobbo (1) after about 1 km and take the side road marked Borgevegen. At the cross roads (2), take the road to the right signposted Åsen. The first part is flat with the Mo farms to the right, some of the finest farms in the area where pig and dairy farming are the main activities. The road climbs slightly up to Åsen (3), an old cotters farm, recently converted to a family home.

Pass through the gate on the marked footpath. Please remember to close the gates! The path leads up an incline, over a pasture and further on through cultivated fields until you arrive at Skifteskarvsleet, the boundary between the Børve and Valland farms (4). Take a left turn towards the Børve farms. Descending you will see the Hardanger Fjord and Herand and Svåsand on the Jondal side and the Folgefonna Glacier (1,600 masl) as a natural focus. You will walk through an open, cultivated landscape of grassy pastures.

You can make a short side trip to Hetlehovden (5) where the remains of an old crofters farm can be seen. People lived here until the end of the thirties, cultivating a small plot near the house, enough to feed a few cows and sheep. The man of the house also made spinning wheels.

At the cross roads at Børve (6), turn left towards Kyrkjeleite (7), and enjoy the view of Øystesebygda (the village of Øystese and its Church, hence

### Rute og ymse av interesse

#### Tur I: Øystese - Mo - Børvemarka

Terreng: Ca 5 km på bygdeveg, 2 km på sti  
Litt stigning (høgdeskilnad ca 100 m)  
Tid: Ca 2 timar

Vi tek av frå Rv 7 ved rundkøyringa i Øystese, og set bilen på parkeringsplassen i sentrum. Vi følgjer fylkesvegen merka Fitjadalen ca 250 m , til vegkryss. Her tek vi av på veg merka Sjusetevegen (kvitt skilt) forbi Øystese gymnas og forbi Vik-gardane. Etter ca. 1 km kjem vi til Nobbo (1), her tek vi inn på sidevegen som er skilta Borgevegen.

Ved vegskiljet (2) tek vi av på vegen til høgre,merka Åsen. Her er det først ein flat strekning, på høgre hand ser vi Mo-gardane. Dette er mellom



Sjå Tur 20 for reiserute og fotturar

See Tour 20 for route and walks

dei finaste gardane i bygda, her vert det drive mjølke- og svineproduksjon. Vegen stig litt opp mot Åsen (3), ein gamal husmannsplass. Det gamle huset er bygt om, er no bustad for ein ung familie.

Gå gjennom grinda på den merka stien. Ver venleg, hugs å lata att grindane ! Stien går oppover ein skrånning, over eit beite og vidare langs dyrka mark til vi kjem til Skifteskarvs-leet, som er grensa mellom gardane Børve og Valland (4). Her tek vi til venstre, mot Børve-gardane.

Her er gamal slåttemark med ei utløe bygd i grindverk, (stavbygg), ein konstruksjon vi finn att i stavkyrkjene. Løa vart nytta til å lagra turhøy til vinterfor, og foret vart frakta heim på vinterføre. No vert graset slått og lagt i silo heime på garden.

Løfter vi blikket og ser til fjells, ser vi Torefjell (1050 m.o.h.), i bakgrunnen mot høgre Skrott (1320 m.o.h.) og det meir langstrekke Manfjell (1263 m.o.h.) Ved å følgja fjellrekkja endå lengre mot høgre, finn vi den runde Simlanuten, Klyvenuten og den spisse Fagreseteggja. Dei tre sistnemnde ligg på austsida av Fykkesundet, som skjer seg inn til Botnen.

Under Torefjell ser me garden Kjosås, med fem bruk der det vert drive mjølkeproduksjon og sauehald.

Når vi går nedover, ser vi Hardangerfjorden med Herand og Svåsand på Jondalssida, og med isbreen Folgefonna (1600 m.o.h.) som eit naturleg blikkfang. Vi går gjennom eit ope kulturlandskap med grasmark til slått og beite.

Ta gjerne ein avstikker på jordbruksvegen til Hettlehovden (5) der det er tufter etter ein husmannsplass. Fram til slutten av 1930-åra budde ein familie her. Dei hadde ein liten flekk dyrka jord rundt husa, nok til å fø eit par kyr og nokre sauer. I tillegg til husdyrhaldet laga mannen i huset spinne-rokkar.

Ved vegkrysset øvst på Børve (6) tek vi til venstre innover til Kyrkjeleite (7), der vi har fint utsyn over Øystesebygda med kyrkja (herav namnet Kyrkjeleite). Vegen går bratt nedover til Borge (8), der det i dag vert drive staudegartneri. Herifrå går også ein veg gjennom byggjefeltet på Vavollen, og vidare til sentrum.

Vi går mellom husa på Borge, og held fram nedover forbi garden Hovdane, der dei har sauedrift, og kjem til vegkrysset (2) og nedatt i fylkesvegen.

## Tur II: Børvemarka -Tolomarka

Terreng: Ca. 5 km. på bygdeveg, 2 km på sti.

Litt stigning (høgdeskilnad ca 140 m)

Tid: Ca 2 timar

Følg tur I til Skifteskarvs-leet (4). Her tek vi til høgre, mot Grodalen.

Ved Grodalsleet (her var det tidlegare grind) kan vi ta stien rett fram, vi kjem då opp i fylkesvegen nær Skålheim (12). Eit anna alternativ er å følgja stien til venstre gjennom Grodalen. Vi går gjennom skogsterreng med blandingsskog med lauvtre og furu. Vi passerer skytebanen (10) før vi møter fylkesvegen (11), tek til høgre og følgjer denne tilbake til utgangspunktet.

Ved skytebanen (10) er der også mogelegheit for parkering. Dette kan vera alternativt utgangspunkt for rundturen.

### Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

### Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

the name Kyrkjeleita, Church Place). The road descends steeply to Borge (8), where you will find a flower nursery. There is also a road through the residential area to the centre.

You take the road between the houses at Borge and carry on past the Hovdane Sheep Farm until you reach the cross roads (2) and walk down to the main road.

## Walk II: Børvemarka -Tolomarka

Terrain: Approximately 5 kms on country roads, 2 km on footpaths. Slight incline (approximately 140 metres)

Time: About 2 hours

Take the same route as for walk I until you get to Skifteskarvsleet (4) and then turn right towards Grodalen. You will pass an outlying wicket-built barn, the same building method used in the old stave churches. The barn was used to store hay for winter feed. Nowadays the hay is stored in silos on the farm.

The Torefjell (Tore Mountain) looms 1050 metres above sea level and in the background to the right you will see Skrott Mountain 1320 metres and Manfjell (1263 metres). Further to the right is the rounded Simlanuten, Klyvenuten and the peaked Fagreseteggja. The three last named lay on the east side of Fykkesundet, that cuts into Botnen. The 5 Kjosås sheep and dairy farms lie at the base of Torefjell.

At Grodalsleet you can take the right hand footpath and walk up to the main road near Skålheim (12). Another alternative is to take the path to the left through Grodalen. You will pass through woods with both pine and deciduous trees. Walk pass the rifle range (10) and you meet the main road (11), turn right and follow the road back to the starting point.

There is parking available at the rifle range (10) which is an alternative starting point for the walk.